



Instruktør Birgitta Fjell Helleland spelar saman med Kristine Ludvigsen og Kaia Døssland frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Storbandjass-konserten som skulemusikk-korpsa i Uskedalen og Rosendal skal ha saman med topp-trompetisten Frank Brodahl 19. og 20. april har fått ein ettertrakta status som drømmekonsert. Men er det kanskje berre ein tom gest eller ei frase?**

**Slett ikkje, dette ligg i høgste grad an til å bli ein verkeleg drømmekonsert. Det forsikra instruktør Birgitte Fjell Helleland uskedalen.no søndag etter å ha vore på seminar saman med dei unge musikarane i 15 timer gjennom tre dagar på skulen i Uskedalen.**

Birgitte frå Dimmelsvik inngår i det som ein trygt kan kalla brassband-eliten her i landet, og som ein i stor grad finn i Bergen og Hordaland fylke. No spelar ho flygelhorn og kornett i Krohnengen Brassband, som kom på tredje plass i NM i februar i år. Til sommaren vil ho ha fullført utdanninga si som ålmenn-lærar med musikk og matematikk.



Sebastian Lamberg Torjusen imponerte med sin sousaphone. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og når det gjeld Frank Brodahl veit ho kva ho snakkar om:

- Eg opplevde han som instruktør ein dag på Manger. Han er fantastisk flink på trompet og flygelhorn og representerer ein meir rytmisk og fengande stil enn klassiske brassband. Det er ganske eineståande at to skulemusikk-korps på det ein kan kalla landsbygda har klart å kapra ein som er så flink og som ein nærmast kan kalla eit idol til eit konsertprosjekt som dette, sa Birgitte.

- Og korleis går det så med prosjektet etter di oppriktige meining?



Slagverk-gruppa i aksjon: Katrine Y. Røssland, Sindre Aksnes og Stian Myklebust frå Uskedalen og Ole Martin Mehl frå Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er allereie gjort eit kjempeløft. Musikarane har hatt ein imponerende utvikling gjennom dei øvingane som er halde og dei arbeidar svært godt. Ein skal hugse på at dette er vanskeleg og krevjande musikk. Dei som er med på dette prosjektet utviklar seg veldig som musikarar! Sa Birgitta og fann sin plass saman med dei unge musikarane.



Frå høgre: Kristina Fjell Helleland frå Rosendal, Bjørn Naterstad frå Rosendal, instruktør Øyvind Nikolaisen frå Tysnes og Jostein Bauge frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det gjorde også ein som vekte ein viss oppsikt med instrumentet sitt. Sebastian Lamberg Torjusen frå Rosendal har kjøpt sjølvaste mastodonten innan grovmessing – ein sousaphone. Han fann det amerikanske marsinstrumentet på internett i USA og betalte 12.000 kroner for det – godt sponsa av familien! Sousaphone er ikkje vanleg i brass-band her til lands. – Men det er gøy og stilig at dei kan stille opp med ein her i området, kommenterte instruktør Birgitte. Sebastian forklarar satsinga på sousaphone med at han er hekta på youngblood og han viste under seminaret at han allereie har kome langt med omsyn til speleteknikk på mastodonten.

Seminaret i skulen hadde ein velkvalifisert instruktørstab som også tidlegare har gjort teneste for desse korpsa. I tillegg til deira felles dirigent Anders Christensen og Birgitta var det Magnhild Haugland, Christina Fjell Helleland, Silje Brattetveit, Vibeke Fredheim, og Øyvind Nikolaisen. Konsertnemda representert ved Thor Inge Døssland og Kristin Torjusen gjorde det klart at det blir aukande øvingstakt framover mot konserten.

1. og 8. april blir det såleis fellesøving i Uskedalen og 10. april fellesøving i Rosendal. Og så kjem innspurten i Rosendal, med fellesøving saman med Frank Brodahl både 16., 17. og 18. april. Samstundes med øvinga 1. april blir det halde foreldremøte med orientering om kva dei jobbar med og korleis det går.

Det må også fordelast ansvarsoppgaver i samband med den siste øvingsveka og dei to konsertane der Brodahl skal vera solist i omtrent halve programmet.

Av Ola Matti Mathisen





Frå venstre sit Amalie Fjell Helleland frå Rosendal, Vilde Vestbø Skåle frå Rosendal, Marita Kjærland frå Uskedalen og Ingebjørg Haugland frå Uskedalen. Bak står instruktør Silje Brattetveit frå Rosendal (spelar i Askøy Brassband)(Foto: Ola Matti Mathisen)